

NYHEIT - NYHEIT - NYHEIT

VM i Jolaøl 2005

Kåring av det beste heimebryggja jolaølet i 2005

Vestnorsk Kulturakademi, Vossameny og Rong Fjellstove - Rongastovo er opptekne av å ta vare på kultur og tradisjon når det gjeld mat og drykk og skipar til VM i Jolaøl. Målsettinga med tevlinga er å bidra til at gamle bryggjetradisjonar, særleg når det gjeld jolaøl, blir tekne vare på og ført vidare til yngre slekter. Prosjektdreng Odd Himle (Bergen), opna VM i Jolaøl 2005 med eit lite stev og litt informasjon øl- og drikkehistorie, heilt tilbake til 900-talet. (Kilde: Astrid Riddervoll)

Heile 32 deltakarar hadde sendt sitt heimelaga produkt til konkurransen VM i Jolaøl 2005, som vart avvikla på Rong Fjellstove - Rongastovo, laurdag 18. desember. Deltakarane kom frå Alvøen, Voss, Hardanger, Osterøy og Sogn og Fjordane.

I tillegg til mange bryggjarar var "huset fullt" med eit øl-interessert publikum som følgde tevlinga med stor spenning.

Dei kompetente domarane, Kjell Ove Bårtveit, Nils Gjelland, Ivar Husdal, Sjur Nesheim og Wigdis Espeland hadde ikkje nokon lett jobb. Det var mange svært gode brygg og domarane hadde ei vanskeleg oppgåve med å fordela poeng på område Farge, Klårheit, Aroma, Søtsmak, Humlesmak/ bitterheit, Meirsmak og Ettersmak.

Etter første runde i tevlinga var det 10 gode brygg som gjekk vidare til andre runde.

VM i Jolaøl 2005

Resultat - dei 10 beste av 32 jolabrygg

Lars Gjelland og Kjell Ove Lid, Voss
Nestås Bryggjelag, Dalane, Voss
Brynjulf Olde, Ivar Haug og Eirik Bryn, Voss
Kari Møen, Voss
Lars Herheim, Vossestrand
Atle Holgar og Robert Smith-Hall, Valestrandsfossen
Bjarne Kristiansen, Voss
*Georg Parmann, Petter Lund og Rolf Hjertholm, Alvøen
*Harald Slettemark, Voss
Frank Hellesnes og Lars Jersin, Voss

*(Delt plassering)

Deltakarpremie - 1 sekk med malt, gjeven av forhandlar Olav Håvik, Voss:
Nils Henjum, Leikanger